


Samarbeidsavtale om bruk av skytebaner mellom Hornindal skyttarlag og Markane skyttarlag


1. Medlemene i Hornindal skyttarlag kan nytte Sindre skytebane som tidlegare, på følgjande vilkår:
 - Treningskyting skjer på same vilkår som årsmøtet fastset at medlemene i Markane skyttarlag til ein kvar tid har, med tilsvarende pris i begge laga (per 2006 inkludert i medlemskontigent).
 - Skytinga skal skje i samsvar med gjeldande skytebaneinstruks, oppslege på standplass.
 - Skyting skal skje på dei oppsette treningsdagane for Sindre skytebane, jfr. aktivitetskalendar for kvart år.
2. Hornindal skyttarlag kan nytte Sindre skytebane til konkurransar etter nærare avtale kvart år. Lagskonkurransar skal skje på oppsette skytedagar for Sindre skytebane.
3. For jaktprøver vert det sett opp liste over medlemar frå Hornindal skyttarlag som skyt prøva. Medlemar skal vise medlemskort, eller betale medlemskontigent før prøva vert skoten. Samla rekning vert sendt Hornindal skyttarlag ca. 10. september, der Hornindal skyttarlag får 30% rabatt på fastsett pris.
4. Medlemene i Markane skyttarlag kan nytte Hornindal miniatyrskytebane på følgjande vilkår:
 - Treningskyting skjer på same vilkår som årsmøtet fastset at medlemene i Hornindal skyttarlag til ein kvar tid har, med tilsvarende pris i begge laga (per 2006 inkludert i medlemskontigent).
 - Skytinga skal skje i samsvar med gjeldande skytebaneinstruks, oppslege på standplass
 - Skyting skal skje på dei oppsette treningsdagane for miniatyrskytebanen, jfr. aktivitetskalendar for kvart år.
5. Markane skyttarlag kan nytte miniatyrskytebanen til konkurransar etter nærare avtale kvart år. Lagskonkurransar skal skje på oppsette skytedagar for miniatyrskytebanen.
6. Skyttarlaga arbeider for å samordne medlemsvilkåra.
7. Som del av avtalen får Hornindal skyttarlag låne monitorar med Markane skyttarlag til bruk på miniatyrskytebanen i perioden 1. oktober – 1. mai. Hornindal skyttarlag har det fulle ansvaret for monitorane når dei er til utlån.
8. Avtalen gjeld frå 01.01.2007 og inntil vidare. Gjensidig oppseiingstid er eitt – 1- år, og avtalen kan berre seiast opp av årsmøta i skyttarlaga.
9. Avtalen føreset at miniatyrskytebanen i Hornindal vert bygt. Før den vert tilgjengleg for trening, jfr. også pkt. 4, kan det avtalast mellombels prøveordning basert på denne avtalen.
10. Avtalen er i to - 2 - eksemplar, eitt til kvar av partane.

Hornindal, 7/11-2006

Hornindal skyttarlag


HORNINDAL SKYTTLARLAG
Leiar
6790 Hornindal

Markane skyttarlag


Leiar

MARKANE SKYTTLARLAG